



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga

Verneframlegg for frivillig skogvern

**Mardalen i Nesset kommune og
Hisdalen i Sunndal kommune**



Høyringsutkast april 2014

Bildet på forsida er frå Hisdalen og bildet på baksida er frå Mardalen. Foto: miljøvernavinga

Innhold

1.	Bakgrunn	4
2	Heimelsgrunnlag	4
3	Kunngjering av verneplanarbeidet - meldingsfasen	5
4	Sakshandsaming	5
5	Omfang av verneplanen.....	6
6	Høyringsfrist.....	6
7	Område.....	7
	Vedlegg 7.1.a Områdeskildring for Mardalen naturreservat	7
	Vedlegg 7.1.b Områdeskildring for Hisdalen naturreservat.....	12
	Vedlegg 7.2.a Framlegg til verneforskrift for Mardalen	17
	Vedlegg 7.2.b Framlegg til verneforskrift for Hisdalen	20
8	Kart	23

1. Bakgrunn

Gjennom førehavinga av St.meld. nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. Så langt i år er ca. 2,5 % av den produktive skogen i Noreg verna og dette er langt mindre enn andre land i Europa. I naturreservata i Møre og Romsdal er 44 km² skog verna. Det utgjer ca.1,5 % av det produktive skogarealet i fylket. Ved dette framlegget vil arealet med verna produktiv skog i fylket auke med 4,3km.²

St.meld. nr. 25 trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei opptrapping av skogvernet. Mellom anna at eit utvida skogvern skulle følgje dei faglege råda frå ein rapport frå NINA og Skogforsk ”Evaluering av skogvernet i Norge”.

I meldinga vart frivillig vern framheva som ein viktig strategi for det framtidige skogvernet. Frivillig vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare vil Miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbodet og sett eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelige i www.naturbase.no

Om det på bakgrunn av ei registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanlig saks- handsaming i tråd med naturmangfaldlova.

2 Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov av 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for dei 2 skogsområda i dette verneplanframlegget. § 37 i naturmangfaldlova har slik ordlyd:

Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,*
- b) representerer en bestemt type natur,*
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*

- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.

3 Kunngjering av verneplanarbeidet - meldingsfasen

Ved brev av 06.03.14 vart det sendt ut ei oppstartsmelding til fleire aktuelle interessepartar. I tillegg vart starten av verneplanarbeidet kunngjort i Norsk Lysingsblad og i Driva den 11.03.14. Fylkesmannen la melding om verneplanarbeidet ut på si nettside. Det er vist til denne i kunngjeringane. Innspelfristen vart sett til 08.04.14. Det kom ingen innspel eller synspunkt på bakgrunn av meldinga.

4 Sakshandsaming

Tilbod.

Tilbodet om frivillig vern frå grunneigaren i Mardalen er datert 08.06.12 og for eigedomane i Hisdalen 26.2.11 og 2.10.11.

Fylkesmannen fekk tilboda gjennom Allskog og takka ja til begge. Svaret frå Fylkesmannen om Hisdalen er datert 22.11.11 og for Mardalen 3.10.12.

Naturfaglege registreringar

Det naturfaglege grunnlaget for begge området er data som er henta frå Naturbase som kartlagde naturtypar. Ein del av begge områda vart undersøkte i det nasjonale bekke- og elvekløftprosjektet som vart gjennomført i Møre og Romsdal i 2008. Mardøla fekk verdien 5 (nasjonalt verdfullt) og Hisdalen verdien 4 (regionalt til nasjonalt verdfullt). For begge områda er resultatet av den kartlegginga lagt inn i Naturbase som eigne dokument. Ein del av Mardalen vart også undersøkt i 2011 som ein del av eit nasjonalt prosjekt om haustingsskog. Referanse: «Jordal, J.B. & Bratli, H. 2011. Styvingstrær og høstingsskog i Norge med vekt på alm, ask og lind. Utbredelse, artsmangfold og supplerende kartlegging i 2011. Rapport J.B. Jordal nr. 4-2012. 114 s.»

Forhandlingar

Det vart henta inn skogdata frå områda slik at forhandlingane mellom Staten v/ Regjeringsadvokaten sin representant og grunneigarane kunne begynne. Etter at forhandlingane om erstatninga vart ferdige, fekk Fylkesmannen i brev av 3.3.14 og 7.3.14. i oppdrag frå Miljødirektoratet å melde start på ein verneprosess for områda.

Vidare saksgang

I samsvar med naturmangfaldlova og sakshandsamingsreglane i denne, skal Fylkesmannen sende verneframlegg på høyring. Regelverket er nærmare utdjupa i Miljødirektoratet si handbok 17 – 2008 Områdevern og forvaltning. På bakgrunn av at det er gjennomført forhandlingar med grunneigarane og at det vart semje om avgrensing og framlegg til forskrifter, reknar vi med at det eventuelt blir mindre justeringar av forskriftene etter høyring.

Etter denne lokale og sentral høyringa, vil Fylkesmannen, på bakgrunn av høyringsdokument og innkomne fråsegner, skrive ei tilråding til Miljødirektoratet. Direktoratet fremmer så saka for Klima- og miljødepartementet som deretter vil førebu ho og legge eit framlegg om vernevedtak fram for Kongen i statsråd. Etter vernevedtaket ved kgl. res. vil erstatningar i samsvar med avtalene bli utbetalte. Fylkesmannen får så i oppdrag å gjere vedtaket kjent og sørge for at reservata blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav frå fylkesmannen om grensegang og merking.

5 Omfang av verneplanen

Namn	Kommune	Total areal i da	Areal produktiv skog i da	Verneverdi
Mardalen	Neset	4017	1226	Regional - Nasjonal
Hisdalen	Sunndal	3 303	3080	Nasjonal

6 Høyringsfrist

Høyringsfristen er 12.06.2014.

7 Område

Vedlegg 7.1.a Områdeskildring for Mardalen naturreservat

KOMMUNE:	Neset
FYLKE:	Møre og Romsdal
KARTBLAD M711:	1319 I Romsdalen og 1320 II Eresfjord
KOORDINATAR:	Sentralpunkt ca. N 6928237 Ø 454495 -Euref 89
UTM sone 32)	
VERNEKATEGORI:	**_***
AREAL:	4017 da (6080 da)
HØGDE OVER HAVET:	21-1300 m
EIGEDOMAR:	Gnr. 79/2, 79/3,79/4, 79/5, 79/9, 79/10, 79/11, 79/12, 79/34
VEGETASJONSSONE:	Boreonemoral og nordboreal

OMRÅDESKILDRING: Tilbudsområdet ligg i Mardalen. Fjellgrunnen består av gneis. Dalføret er kort og med elva Mardøla og Mardalsfossen. Det går ein bilveg med parkeringsplass fram til Mardalen. Frå denne starter ein turistveg. Ein del av turistvegen vil bli liggande i verneområdet.

FRAMLEGG TIL VERNEGRENSE: Vi gjer framlegg om at tilbodsarealet i Mardalen blir slått saman med Jutneset naturreservat, som vart oppretta i 2003, til eitt reservat og med ei felles verneforskrift. Det nye reservatet vil bli på 6080 dekar.

Verneframlegget omfattar også 669 da av Sandgrovbotn - Mardalsbotn biotopvernområde og 881 da av Eikesdalsvatnet landskapsvernområde. Disse to verneområda vart vedtekne i 2002 som ein del av verneplanen for Dovrefjell-Sundalsfjella nasjonalpark. Ein del av skogen i Mardalen i Eikesdalsvatnet landskapsvernområde er registrert som rik edellauvskog med verdi A. Ei endra vernestatus inneber at den skogen vil få eit sterkare vern enn i landskapsvernområdet. Vi gjer vidare framlegg om at det nye reservatet opp mot fjellet skal følgje eigedomsgrensa til 79/3 slik som vist på kart.

Fylkesmannen sitt framlegg til vernegrenser går fram av to vedlagte kart. Eitt kart viser tilbudsområdet (79/3) saman med det eksisterande Jutneset naturreservat og eitt kart viser framlegget til endringar i vernegrensene for Eikesdalsvatnet landskapsvernområde og Sandgrovbotn - Mardalsbotn biotopvernområde.

Ei grensendring for Sandgrovbotn - Mardalsbotn biotopvernområde og Eikesdalsvatnet landskapsvernområde vil føre til nokre små justeringar i verneforskriftene. Begge vil få det nye arealtalet inn i verneforskrifta samt ny

vedtaksdato. Vidare vil 79/3 gå ut av verneforskrifta for Sandgrovbotn-Mardalsbotn biotopvernområde.

NAMN PÅ RESERVATET: Det har ikkje kome framlegg til bruk av andre namn på reservatet.

SKOGSTRUKTUR/PÅVERKNAD: Størstedelen av skogen kan karakteriserast som rik edellauvskog. Den har karakter av tidlegare kulturpåverknad som beite, lauving og vedhogst og ein del av hasselskogen vart brukt til tønneband. I det siste halve hundreåret har store delar av skogen fått gro att. Oppover i Mardalen går skogen gradvis over til gråorskog og bjørkeskog. I området er det innslag av furu.

VERNEINTERESSER:

Faglege grunnlag

Eitt av kjerneområda i det faglege grunnlaget for eit vern er naturbaselokalitet BN00022364 Eikesdalen: Mardalsbotnen-Kobbessaet. Lokaliteten er karakterisert som rik edellauvskog og med verdi A. Ein del av naturbaselokaliteten er også omfatta av to teigar som høyrar til ein annan grunneigar, men desse er ikkje med i verneframlegget.

Tilbodsområdet vart mellom anna undersøkt av Korsmo i 1974 og av John Bjarne Jordal i 2004. Den siste undersøkinga av lokaliteten vart gjort i samband med eit nasjonalt prosjekt om haustingsskog. Referanse: «Jordal, J.B. & Bratli, H. Styvingstrær og høstingsskog i Norge med vekt på alm, ask og lind. Utbredelse, artsmangfold og supplerende kartlegging i 2011. Rapport J.B. Jordal nr. 4-2012. 114 s.»

Etter Artskart er nokre av funna på nordsida av elva, og som det er vist til i Naturbase, utafor verneframlegget og andre er innafor. Dette er artar som i særleg grad er knytt til gammal alm. Der det er alm er det eit stort potensiale for desse sjeldne artane uavhengig av tidlegare einskilddfunn vist på Artskart og eigedomsgrenser. I vår vurdering av verneinteressene, har vi såleis valt å legge til grunn den samla informasjon for kjerneområdet som kjem fram av Naturbase.

Andre registreringar i Naturbase som er lagt til grunn for verneframlegget er Naturbaselokalitet BN00062486 Mardalsfossen, fossesprøytsone verdi B og BN00062523 Mardøla, gammal lauvskog verdi A. Begge desse områda var med i den nasjonale bekkekløftregistreringa som vart gjennomført i Møre og Romsdal i 2008. Faktaarket frå den kartlegginga er lagt inn i Naturbase som eit eige dokument.

Vegetasjonsverdiar

Eikesdalen har store naturverdiar knytt til ulike skogstypar, både gammal kulturpåverka skog, men også naturskog. Dalføret er å sjå på som eit

internasjonalt verdfullt område for biologisk mangfold. I dette områdekomplekset skil Mardalsbotn seg ut som eitt av dei viktigaste delområda med mellom anna fuktige skogstypar.

Karakteristisk for vegetasjonen på nordsida av Mardalsbotn er den varierte lauvskogen med fleire element av trua og sjeldan natur. Ein god økologisk variasjon gjer at ein får ulike skogsamfunn med tilhøyrande artsmangfald i eit avgrensa areal.

Her er ein velutvikla edellauvskog med eit fuktig lokalklima og styva almar og hasselskog. I andre deler av området er naturverdien knytt til gråor-heggeskogen. Ein spesiell kvalitet er haustingsskogen med styva almar som både har ein særskilt naturvitskaplig og kulturhistorisk verdi. Dei fleste sjeldne sopp- og lavartane er registrert i den gamle haustingsskogen. Her er også daude lauvtre av dei fleste treslag, både ståande og liggande, dels av grove dimensjonar og med god spreining på dei ulike nedbrytingsstadia.

Eit mindre område opp mot Mardalsfossen er påverke av fossesprøyt. Her er både matter med mose, men også gras og karplanter som er avhengige av rikelig med vatn og som representerer naturtypen fossesprøytsone. Delar av plante- og lavfloraen i den gamle lauvskogen langs elva er også avhengige av fukt frå vassdraget.

Artsmangfald

På 70-talet vart området undersøkt av Harald Korsmo som m.a. fann lundrapp, storklokke, fingerstorr, piggstorr, trollurt, myske, taggbregne, bergfrue og skogvikke. John Bjarne Jordal registrerte mellom anna vårkål, sanikel, myskegras samt mykje sølvnever og lungenever på trea. Ved den siste kartlegginga i 2011 vart det lagt spesiell vekt på artar på alm (NT). Av sjeldne artar på styvingstrær av alm er det registrert:

Ferskenpote *Rhodotus palmatus* (EN **Sterkt trua**)
kastanjestilkkjuka *Polyporus badius* (VU **Sårbar**)
kastanjestilkkjuka *Polyporus badius* (VU)
Barpiggbevve *Protodontia piceicola* (VU)
Klosterlav *Biatoridium monasteriense* (NT **Nær trua**)
Almelav *Gyalecta ulmi* (NT)
Hasselkjuka *Dichomitus campestris* (NT)
Skjellet rødsdivesopp *Entoloma tjallingiorum* (NT)
Henningsomyces *puber* (DD)
Almebroddsopp *Hymenochaete ulmicola* (NT)
Almekullsopp *Hypoxylon vogesiacum* (NT)
Rynkesagsopp *Lentinellus vulpinus* (NT)

Daltraktmusserong *Leucopaxillus paradoxus* (NT)
Kremkjuke *Postia hibernica* (DD **Datamangel**)

Mangelanalysen for skogvern

Etter mangelanalysen for skogvern (Framstad mfl. 2002), bidrar området i Mardalen med areal etter fleire vernekriterium. Det gjeld mellom anna behovet for større verneområde med produktiv lågareliggande skog.

Etter evalueringa er det også behov for vern av skog i boreonemoral sone og rike skogstypar som område med rike hasselkratt og almeskog. Særleg viktig er utpostområde med hassel som er restane av varmetidas edellauvskogar.

Etter NINA Rapport 535. (Framstad, E., Blindheim, T., Erikstad, L., Thingstad, P.G. & Sloreid, S.-E. 2010 Naturfaglig evaluering av norske verneområder.) har område med haustingsskog eit stort nasjonalt udekt vernebehov.

Samla verneverdi

Tilbudsområdet skårar godt på fleire av kriteria som er lagt til grunn for evalueringa av manglar ved dagens skogvern og samla sett vil vi vurdere området til å vere av regional verneverdi i overgang mot nasjonal verdi. Dette fordi alme- og hasselskogen i Mardalen skil seg ut som ein sers viktige førekomst med raudlisteartar. Område med haustingsskog har eit stort udekt vernebehov og Eikesdalen er i ei slik samanheng eit både nasjonalt og internasjonalt kjerneområde.

Tilbodet om frivillig vern omfattar ikkje alle vernekvalitetane i Mardalen og det er ønskelig at det vert arbeidd vidare med å få tilbod på utviding av området både på nordsida og sørsida av elva. Til ein viss grad vert den dårlege naturfaglege samanhengen oppveidd av ei samanslåing med Jutneset naturreservat. Som naturtype er skogen på Jutneset vurdert til å vere av verdi A og i verneplanen for edellauvskog for Møre og Romsdal kom Jutneset i prioriteringsklasse 1. Samla sett vil ein få eit større og meir robust verneområde. Dette vil bli det største edellauvskogreservatet i Møre og Romsdal både når det gjeld totalareal og areal produktiv skog. Etter ei samanslåing vil vi vurdere det nye Mardalen naturreservat til av vere av nasjonal verneverdi.

FORMÅL: Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit variert skogsområde med sitt biologiske mangfald i form av naturtypar, økosystem, artar og naturlege økologiske prosessar. Området har ein variert lauvskog med element av trua og sjeldan natur. Her er ein velutvikla edellauvskog med styva almer og hasselskog. I andre delar av området er naturverdien knyt til gråor-heggeskogen. Artsmangfaldet er usedvanlig rikt, både av lav og sopp. Ein spesiell kvalitet er haustingsskogen med styva almer som både har ein særskilt naturvitskaplig og kulturhistorisk verdi. Dei fleste sjeldne sopp- og lavartane er registrert i haustingsskogen. Eitt mindre område opp mot Mardalsfossen er påverka av

fossesprøyt. Her er både mosematter, men også gras og karplanter som treng rikelig med vatn og som representerer naturtypen fossesprøytsone.

ANDRE INTERESSER: Det er internasjonale turistinteresser i denne delen av kommunen. Frå enden av turvegen er det utsyn mot Mardalsfossen. Det kan vere interesse for husdyrbeite i området og tradisjonen med styving av alm er også aktuelt. Elles har området skogbruksverdiar og jaktinteresser.

Fylkeskommunen ved kulturavdelinga har opplyst at i det i grenseområdet er registrert ein hellar/leger på 3x3 m som var nytta i samband med fangst i fjellet. Kartfestinga er likevel noko upresis og det er sannsynlig at denne eigentleg ligg utanfor verneområdet.

TEKNISKE INNGREP: I 2013 vart arbeidet med ein turistveg langs Mardøla og ei ny bru over elva ferdig. Ein del av vegen følgjer traseen til ein eldre traktorveg. Turvegprosjektet vart gjennomført på grunnlag av mellom anna ei naturfagleg registrering/konsekvensvurdering og der målet var å minimalisere skadane på naturverdiane. Turvegen er vist på vernekartet.

Elva har redusert vassføring på grunn av regulering og som på ulik vis har hatt negativ påverknad av verneverdien nærast vassdraget. Vassdraget får auka vassføring i turistsesongen.

PLANSTATUS: Det er ingen reguleringsplan for tilbodsområdet, men arealet er godkjent som landbruks,- natur og friluftsområde i arealdelen til kommunen sin kommuneplan. Godkjenningsdatoen er 29.03.2012.

SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR: Det produktive skogarealet er på 1226 dekar og med totalt 10 435 kbm. Lauvskogen utgjer ca. 95 % og resten av skogen er furu. 100 % av volumet er i hogstklasse 4 og 5. Låg bonitet: 901 dekar med 4 548 kbm, middels bonitet: 26 dekar og 3 861 kbm og høg bonitet: 63 dekar og 2 026 kbm.

KART OG VERNEFORSKRIFT: Kart i målestokk 1: 15 000 som viser framlegget til vernegrense for Mardalen følgjer som eit eige vedlegg samt eit kart i målestokk 1: 130 000 som viser grenseendringane for Eikesdalsvatnet landskapsvernområde og Sandgrovbotn-Mardalsbotn biotopvernområde. Framlegget til verneforskrift er på side 17.

Vedlegg 7.1.b Områdeskildring for Hisdalen naturreservat

KOMMUNE:	Sunnal
FYLKE:	Møre og Romsdal
KARTBLAD M711:	1420 IV Stangvik
KOORDINATAR:	Sentralpunkt ca. N 6961867 Ø 468871 - Euref 89 UTM sone 32)
VERNEKATEGORI:	****
AREAL:	3 303da
HØGDE OVER HAVET:	0-800 m
EIGEDOMAR:	Gnr/bnr: 90/1, 90/2 og 90/4 i Sunndal kommune
VEGETASJONSSONE:	Boreonemoral og mellomboreal

OMRÅDESKILDRING: Området ligg ved Sunndalsfjorden og ca. 12 km nordvest for Sunndalsøra. Avstanden til nabokommunen Tingvoll er kort. Midtpunktkoordinaten til området er ca. x 468871 og y 6961867 (UTM32). Berggrunnen er i utgangspunktet fattig gneis, men topografi og eksposisjon fører likevel til ein til dels kalkkrevjande vegetasjon. Området er bratt med stup og hamrar. Det er fleire gjel som skjer seg inn i fjellsida.

FRAMLEGG TIL VERNEGRENSE: Fylkesmannen sitt framlegg til vernegrense går fram av vedlagt kart. Ein del av vernegrensa følgjer ei eigedomsgrense.

NAMN PÅ RESERVATET: Det har ikkje kome framlegg til andre namn på reservatet.

SKOGSTRUKTUR/PÅVERKNAD: Stort sett er heile området skogkledd og nesten halvparten av arealet er på høg bonitet. Størstedelen av skogen er furu og resten er lauvskog som mellom anna gammal osp og med innslag av alm og hassel. Hengebjørk har vore styva i nærområdet til Almskåra. Det er ein del grov gadd og grove læger av furu med god kontinuitet. Påverknaden av hogst for lang tid sidan har generelt vore størst i nedre og vestre delar og minst i Hisdalen. Området er utan gran. Det er registrert spor av skogbrann.

VERNEINTERESSER:

Fagleg grunnlag

Grunnlaget for framlegget til vern av området er data henta frå Naturbase.

Området omfatta fire naturbaselokalitetar:

- BN00062465 Sunndalsfjorden nordside: Almskåra-Hisdalen øvre del, gammel barskog, verdi A.

- BN00080047 Sunndalsfjorden nordside: Almskåra-Hisdalen nedre del kalkskog, verdi A.
- BN00020392 Sunndalsfjorden nordside: Hisdalsneset-Lauvvika, kalkskog, verdi A.
- BN00020396 Sunndalsfjorden nordside: Lauvvika-Bleiberget, kalkskog, verdi B.

Ein del av området vart undersøkt av Jarle Inge Holten på 70 og 80 talet. Dette var eit arbeid som blei ført vidare av mellom anna John Bjarne Jordal som hadde ansvaret for den første generasjonen med naturtypekartlegging i Sunndal kommune. Rapporten frå det arbeidet kom i 2004. Ein del av arealet vart så inkludert i den nasjonale bekkekløftregistreringa som vart gjennomført i Møre og Romsdal i 2008. Faktaarket frå den kartlegginga, som vart utført av Geir Gaarder, er lagt inn i Naturbase som eit eige dokument (Almskåra-Hisdalen øvre del). Det er områda som vart kartlagt gjennom bekkekløftprosjekt som har det beste datagrunnlaget, men det som er av data for dei to andre kjerneområda gir klare indikasjonar på vesentleg verneverdar også lenger innover i Sunndalsfjorden. Samla sett vil eit vern av alle fire kjerneområda gi eit skogreservat med god storleik og som på den måten bidrar med ei auke av den samla verneverdien.

Vegetasjonsverdiar

Området representerer ein av de største og mest velutvikla furuskogsliene på Vestlandet og med innslag av naturtypen alm-lindeskog. Deler av området er samtidig eit av dei mest interessante skogsområda med gammal furuskog i Møre og Romsdal. Innslag av kontinuitet i grovt og daudt furuvirke kan karakteriserast som sjeldan for landsdelen. Det representerer fleire naturtypar med vesentlege verdiar knyttet til gammal furuskog, dels også gammal lauvskog, rik edellauvskog, med mellom anna hassel, og furuskog som stadvis kan reknast som lågurtfuruskog (kalkskog). Det er lite påverka av inngrep og kontinuiteten i gamle tre og daudt trevirke er god. Hisdalen peikar seg i særleg grad ut i ei slik samanheng.

Artsmangfold

Naturgrunnlag og klima gir grunnlag for eit rikt og variert arts mangfald. Spesielt varmekrevjande artar av både planter, sopp og insekt. Sjølv om det er krevjande å kartlegge i denne bratte og ulendte fjordsida, er det funne eit høgt tal med sjeldne og kravfulle artar og som omfattar fleire artsgrupper. Fleire av raudlisteartane er på gammal furu, alm og osp inkludert gadd og læger. Det har fleire kalkkrevjande artar og har potensiale for funn av fleire sjeldne artar.

Den raudlista barksoppen *Candelabrochaete septocystidia* (EN) vart funne på morken ospelåg på austsida av Hisdalen. Dette er det første funnet i Møre og Romsdal og er truleg ein sers sjeldan art. Ein annan interessant art er brun hvitkjuke som stort sett veks i urskog og som det er sjeldan å finne i oseaniske strøk av Skandinavia.

Av busk- og bladlav opptre lungenever-samfunnet nokre stadar godt utvikla, særleg like aust for Almskår og i lauvskogen på austsida av Hisdalen. Her er mellom anna kravfulle artar som buktporelav, kystnever og sølvnever. Ferskenpote er knyttet til gamle og grove almelæger og er svært sjeldan både nasjonalt og internasjonalt, og denne førekomsten er så langt den nordlegaste.

Nord for Hisdalen er det ein god bestand av orkideen kvit skogfrue. (NT).

Kravfulle og interessante fuglar som er observert i området er kvitryggspett, tretåspett og spurveugle.

Insektfaunaen er knapt undersøkt, men ved Jesperslettet er billa *Orchesia fasciata* (NT) funnen. Like søraust for Hisdalsneset er ein lun bukt med bratte rasmarker, berg og skog (Hisdalsholet) der det i 2002 vart funnet skogmaurløve (*Myrmeleon formicarius* som er eit varmekrevjande insekt av nettingeordenen). Dette kan vere ei ny norsk nordgrense.

Etter raudlista frå 2010 er det så langt registrert 30 rauslisteartar og av desse er 5 strekt trua:

Frynsekjuke *Ceriporiopsis myceliosa* (EN **Sterkt trua**)
Ferskenpote *Rhodotus palmatus* (EN)
Blågrå vokssopp *Hygrophorus atramentosus* (EN)
Fagervokssopp *Hygrophorus calophyllus* (EN)
Rosenkandelaberskinn *candelabrochaete septocystidia* (EN)
Taigakjuke *Skeletocutis stellae* (VU **Sårbar**)
Gulnende begersopp *Peziza succosa* (VU)
Fiolett rødsdivesopp *Entoloma mougeotii* (VU)
Dråpekjuke *oligoporus guttulatus* (VU)
Brun hvitkjuke *Antrodia albobrunnea* (NT **Nær trua**)
Furuplett *Chaetoderma luna* (NT)
Ospehvitkjuke *Antrodia pulvinascens* (NT)
Lurvesøtpigg *Bankera fuligineoalba* (NT)
Skorpepiggsopp *Gloiodon strigosus* (NT)
Korallpiggsopp *Hericium coralloides* (NT)
Narrepiggsopp *Kavinia himantia* (NT)
Blek svovelriske *Lactarius resimus* (NT)

Vedalgkølle *Multiclavula mucida* (NT)
Rugleskinn *Metulodontia nivea* (NT)
Svartsonekjuke *Phellinus nigrolimitatus* (NT)
Tyrikjuka *Skeletocutis lenis* (NT)
Furufåresopp *Albatrellus subrubescens* (NT)
Glatt storpigg *Sarcodon leucopus* (NT)
Rustbrun parasollsopp *Lepiota fulvella* (NT)
Rotnål *Microcalicium ahlneri* (NT)
Skorpefiltlav *Fuscopannaria ignobilis* (NT)
Skrukkeøre *Auricularia mesenterica* (NT)
Orchesia fasciata (NT)
Kvit skogfrue (NT)
Alm (NT)
Storsporet klubbesopp *Clavariadelphus sachalinensis* (DD **Datamangel**)

Mangelanalysen for skogvern

Etter mangelanalysen for skogvern (Framstad mfl. 2002) fangar området relativt godt opp kvalitetar i gammal furuskog, stadvis med liten påverknad av hogst og med eit godt innslag av raudlisteartar. Det har også kvalitetar knytt til storleik, rik edellauvskog og kalkskog. Det er vidare eit mål å sikre lågtliggende areal.

Etter NINA Rapport 535. 214 s. (Framstad, E., Blindheim, T., Erikstad, L., Thingstad, P.G. & Sloreid, S.-E. 2010 Naturfaglig evaluering av norske verneområder.) har mellom anna gammal furuskog eit stort udekket vernebehov i fylket.

Samla verneverdi

Området skårar høgt på fleire av kriteria som er lagt til grunn for evalueringa av manglar ved dagens skogvern og samla sett vil vi vurdere det til å vere av høg nasjonal verneverdi. Området representerer ein av de største og mest velutvikla furuskogsliene med gammal skog på Vestlandet. Storleiken er god, ein har mykje furuskog av høg bonitet, området har ei god arrondering som sikrar naturfaglege samanhengar, det er utan framande artar og talet på raudlisteartar er høgt.

FORMÅL: Formålet med reservatet er å ta vare på eit variert og stort skogsområde med sitt biologiske mangfald i form av naturtypar, økosystem, artar og naturlige økologiske prosessar.

Området inneheld tru og sjeldan natur og det representerer fleire naturtypar med store verdiar knytt til gammal furuskog, dels også gammal lauvskog, rik edellauvskog og kalkskog. Området er lite påverka av inngrep og kontinuiteten i gamle tre og daudt trevirke er god.

Hisdalen med sin bratte bekkekløft aukar variasjonsbredda i reservatet og det området har samla sett ein særleg verdi for det biologiske mangfaldet.

Området er velutvikla og med fleire sjeldne artar. Spesielt varmekrevjande artar av planter, sopp og insekt. Høgdegradienten frå Sunndalsfjorden og opp til skoggrensa gir også eit variert artsmangfald.

ANDRE INTERESSER: Så langt i verneplanarbeidet er vi ikkje kjent med andre interesser enn skogbruksverdiar, vedlikehald av sti, jakt og ønske om å kunne bruke og vedlikehalde eksisterande landfester for laksenøter og båtutlegg.

Fylkeskommunen ved kulturavdelinga har ikkje informasjon om automatisk freda kulturminne i området.

TEKNISKE INNGREP: Området er utan tekniske inngrep, men ein sti er vist på vernekartet.

PLANSTATUS: Det er ingen reguleringsplan, men området er godkjent som landbruks,- natur og friluftsområde i arealdelen til kommunen sin kommuneplan. Godkjenningsdatoen er 29.08.07.

SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR: Det produktive skogarealet er på 3080 da og med totalt 67 188 kbm. Furskogen utgjer ca. 90 % og resten av skogen er lauvskog. 100 % av volumet er i hogstklasse 4 og 5 og 42% av skogen er av høg bonitet. Låg bonitet : 878 da og 4 915 kbm, middels bonitet: 871 dekar og 14710 kbm og høg bonitet: 1 331 dekar og 47 563 kbm.

KART OG VERNEFORSKRIFT: Kart i målestokk 1: 11 000 som viser framlegget til vernegrense, følgjer som eige vedlegg. Framlegget til verneforskrift er på side 20.

Vedlegg 7.2.a Framlegg til verneforskrift for Mardalen

Fastsatt ved kongelig resolusjon med hjemmel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremmet av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Formål

Formålet med naturreservatet er å bevare et variert skogsområde med sitt biologiske mangfold i form av naturtyper, økosystemer, arter og naturlige økologiske prosesser.

Området inneholder en variert lauvskog med element av truet og sjelden natur. Her er en velutviklet edellauvskog med styva almer og hasselskog. I andre deler av området er naturverdien knyttet til gråor-heggeskogen.

Artsmangfoldet er usedvanlig rikt, både av lav og sopp. En spesiell kvalitet er høstingsskogen med styva almer som både har en særskilt naturvitenskaplig og kulturhistorisk verdi. De fleste sjeldne sopp- og lavartene er registrert i høstingsskogen.

Ett mindre område opp mot Mardalsfossen er påvirket av fossesprøyt. Her er både mosematter, men også gras og karplanter som er avhengige av rikelig med vann og som representerer naturtypen fossesprøytsone.

§ 2 Geografisk avgrensning

Naturreservatet berører følgende gnr/bnr: 79/2, 79/3, 79/4, 79/5, 79/9, 79/10, 79/11, 79/12 og 79/34 i Nesset kommune.

Naturreservatet dekker et totalareal på ca. 6080 dekar.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:15 000 datert Klima- og miljødepartementet De nøyaktige grensene for naturreservatet skal avmerkes i marka. Knekkpunktene skal koordinatfestes.

Verneforskriften med kart oppbevares i Nesset kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal fylke, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernebestemmelser

I naturreservatet må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet.

I naturreservatet gjelder følgende vernebestemmelser:

- a) Vegetasjonen, herunder døde busker og trær, er vernet mot skade og ødeleggelse. Det er forbudt å fjerne planter og sopp (inkludert lav) eller deler av disse fra naturreservatet. Planting eller såing av trær og annen vegetasjon er forbudt.
- b) Dyrelivet, herunder reirplasser og hiområder, er vernet mot skade, ødeleggelse og unødig forstyrrelse. Utsetting av dyr er forbudt.
- c) Området er vernet mot ethvert tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygninger, anlegg, gjerder, andre varige eller midlertidige innretninger, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftledninger, jordkabler, kloakkledninger, bygging av veier, drenering eller annen form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte

forurensningstilførsler, henleggelse av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske bekjempingsmidler. Forsøpling er forbudt. Opplistingen av tiltak er ikke uttømmende.

- d) Bruk av naturreservatet til teltleirer, idrettsarrangementer eller andre større arrangementer er forbudt.

§ 4 Generelle unntak fra vernebestemmelsene

Vernebestemmelsene i § 3 annet ledd er ikke til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldende lovverk.
- c) Oppsetting av midlertidige mobile jaktårn for storviltjakt.
- d) Fjerning av mindre mengder kvist i forbindelse med utøving av storviltjakt.
- e) Skadefelling av store rovdyr i samsvar med gjeldende lovverk.
- f) Beiting.
- g) Bålbrenning med tørrkvist eller medbrakt ved i samsvar med gjeldende lovverk.
- h) Vedlikehold av turistveien. Veien er vist på vernekartet.
- i) Utsetting av saltstein.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsomt og ta hensyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminner.

I naturreservatet gjelder følgende bestemmelser om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel til lands og til vanns er forbudt, herunder start og landing med luftfartøy.
- b) Utenom turistveien er bruk av sykkel, hest og kjerre samt ridning forbudt.

§ 6 Generelle unntak fra ferdselsbestemmelsene

Ferdselsbestemmelsene i § 5 er ikke til hinder for:

Gjennomføring av militær operativ virksomhet og tiltak i forbindelse med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsvirksomhet, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver som er bestemt av forvaltningsmyndigheten. Unntaket gjelder ikke øvingsvirksomhet.

Ferdselsbestemmelsene i § 5 annet ledd er ikke til hinder for:

- a) Nødvendig motorferdsel i forbindelse med uttransport av syke og skadde bufe. Kjøretøy som benyttes skal være skånsomt mot markoverflaten. Det skal gis melding til ansvarlig oppsyn for verneområdet i forkant av kjøring.
- b) Nødvendig uttransport av felt elg og hjort med hest eller med lett beltekjøretøy som ikke setter varige spor i terrenget.
- c) Nødvendig motorferdsel på turistveien i forbindelse med vedlikehold av veien.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsbestemmelser

Forvaltningsmyndigheten kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Avgrenset bruk av naturreservatet for aktiviteter nevnt i § 3 d).
- b) Hogst og uttak av fremmede treslag og gran.
- c) Oppføring av gjerder og samleanlegg for beite.
- d) Nødvendig motorferdsel i forbindelse med aktiviteter nevnt i § 4 i), 7 b) og c).
- e) Istandsetting, vedlikehold og skjøtsel av kulturminner.
- f) Bruk av reservatet til aktiviteter i forbindelse med miljøtilpasset reiselivsvirksomhet etter plan.

§ 8 Generelle dispensasjonsbestemmelser

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra forskriften dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig, jfr. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltningsmyndigheten, eller den forvaltningsmyndigheten bestemmer, kan iverksette tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er formålet med vernet i henhold til naturmangfoldloven § 47.

§ 10 Forvaltningsplan

Det skal utarbeides forvaltningsplan med nærmere retningslinjer for forvaltning av reservatet. Forvaltningsplanen kan inneholde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltningsmyndighet

Miljødirektoratet fastsetter hvem som skal ha forvaltningsmyndighet etter denne forskriften.

§ 12 Ikrafttredelse

Denne forskriften trer i kraft straks. Samtidig oppheves forskrift nr. 838 av 27.06.2003 om fredning av Jutneset naturreservat, Møre og Romsdal fylke.

Vedlegg 7.2.b Framlegg til verneforskrift for Hisdalen

Fastsatt ved kongelig resolusjon med hjemmel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremmet av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Formål

Formålet med naturreservatet er å bevare et variert og stort skogsområde med sitt biologiske mangfold i form av naturtyper, økosystemer, arter og naturlige økologiske prosesser.

Området inneholder truet og sjelden natur og det representerer flere naturtyper med store verdier knyttet til gammel furuskog, dels også gammel lauvskog, rik edellauvskog og kalkskog. Området er lite påvirket av inngrep og kontinuiteten i gamle trær og dødt trevirke er god.

Hisdalen med sin bratte bekkekløft øker variasjonsbredden i reservatet og området har samlet sett en særlig betydning for det biologiske mangfoldet.

Området er velutviklet og med flere sjeldne arter. Spesielt varmekrevende arter av planter, sopp og insekter. Høydegradienten fra Sunndalsfjorden og opp til fjellet gir et variert artsmangfold.

§ 2 Geografisk avgrensning

Naturreservatet berører følgende gnr/bnr: 90/1, 90/2 og 90/4 i Sunndal kommune.

Naturreservatet dekker et totalareal på ca. 3303 dekar.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:11 000 datert Klima- og miljødepartementet De nøyaktige grensene for naturreservatet skal avmerkes i marka. Knekkpunktene skal koordinatfestes.

Verneforskriften med kart oppbevares i Sunndal kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal fylke, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernebestemmelser

I naturreservatet må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet.

I naturreservatet gjelder følgende vernebestemmelser:

- a) Vegetasjonen, herunder døde busker og trær, er vernet mot skade og ødeleggelse. Det er forbudt å fjerne planter og sopp (inkludert lav) eller deler av disse fra naturreservatet. Planting eller såing av trær og annen vegetasjon er forbudt.
- b) Dyrelivet, herunder reirplasser og hiområder, er vernet mot skade, ødeleggelse og unødig forstyrrelse. Utsetting av dyr er forbudt.
- c) Området er vernet mot ethvert tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygninger, anlegg, gjerder, andre varige eller midlertidige innretninger, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftledninger, jordkabler, kloakkledninger, bygging av veier, drenering eller annen form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forurensningstilførsler, henleggelse av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske bekjempingsmidler. Forsøpling er forbudt. Opplistingen av tiltak er ikke uttømmende.

- d) Bruk av naturreservatet til teltleirer, idrettsarrangementer eller andre større arrangementer er forbudt.

§ 4 Generelle unntak fra vernebestemmelsene

Vernebestemmelsene i § 3 annet ledd er ikke til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldende lovverk.
- c) Oppsetting av midlertidige mobile jakttårn for storviltjakt.
- d) Fjerning av mindre mengder kvist i forbindelse med utøving av storviltjakt.
- e) Skadefelling av store rovdyr i samsvar med gjeldende lovverk.
- f) Beiting.
- g) Bålbrenning med tørrkvist eller medbrakt ved i samsvar med gjeldende lovverk.
- h) Merking av den eksisterende stien fra Almskår og opp til Almskårsetra samt rydding av kvist og nedfall fra den. Stien er vist på vernekartet.
- i) Bruk og vedlikehold av eksisterende landfester knyttet til laksenøter og båtutlegg.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsomt og ta hensyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminner.

I naturreservatet gjelder følgende bestemmelser om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel til lands og til vanns er forbudt, herunder start og landing med luftfartøy.
- b) Utenom stien vist på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre samt ridning forbudt.

§ 6 Generelle unntak fra ferdselsbestemmelsene

Ferdselsbestemmelsene i § 5 er ikke til hinder for:

Gjennomføring av militær operativ virksomhet og tiltak i forbindelse med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsvirksomhet, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver som er bestemt av forvaltningsmyndigheten. Unntaket gjelder ikke øvingsvirksomhet.

Ferdselsbestemmelsene i § 5 annet ledd er ikke til hinder for:

- a) Nødvendig motorferdsel i forbindelse med uttransport av syke og skadde bufe. Kjøretøy som benyttes skal være skånsomt mot markoverflaten. Det skal gis melding til ansvarlig oppsyn for verneområdet i forkant av kjøring.
- b) Nødvendig uttransport av felt elg og hjort med hest eller med lett beltekjøretøy som ikke setter varige spor i terrenget.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsbestemmelser

Forvaltningsmyndigheten kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Avgrenset bruk av naturreservatet for aktiviteter nevnt i § 3 d).
- b) Hogst og uttak av fremmede treslag og gran.
- c) Oppføring av gjerder og samleanlegg for beite.
- d) Utsetting av saltstein.
- e) Nødvendig motorferdsel i forbindelse med aktiviteter nevnt i § 7 b). c) og d).
- f) Istandsetting, vedlikehold og skjøtsel av kulturminner.

§ 8 Generelle dispensasjonsbestemmelser

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra forskriften dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig, jfr. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltningsmyndigheten, eller den forvaltningsmyndigheten bestemmer, kan iverksette tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er formålet med vernet i henhold til naturmangfoldloven § 47.

§ 10 Forvaltningsplan

Det kan utarbeides forvaltningsplan med nærmere retningslinjer for forvaltning av reservatet. Forvaltningsplanen kan inneholde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltningsmyndighet

Miljødirektoratet fastsetter hvem som skal ha forvaltningsmyndighet etter denne forskriften.

§ 12 Ikrafttredelse

Denne forskriften trer i kraft straks.

8 Kart

Sjå desse vedlegga.

Mardalen - kart i målestokk 1: 15 000

Eikesdalsvatnet landskapsvernområde og Sandgrovbotn-Mardalsbotn
biotopvernområde - kart i målestokk 1: 130 000

Hisdalen - kart i målestokk 1: 11 000

